

---

**Saksnr:** 2020/56945-2  
**Saksbehandlar:** Roald Breistein

---

## Saksgang

| Utval           | Utv.saksnr. | Møtedato |
|-----------------|-------------|----------|
| Kontrollutvalet |             |          |

## Skriftleg orientering frå styreleiar i Valen Kraftverk AS om konstituering av ny dagleg leiar

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen frå styreleiar i Valen kraftverk AS når det gjeld konstituering av ny dagleg leiar til orientering og seier seg ferdig med saka.

### Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal vurdere svaret frå styreleiar i Valen kraftverk AS når det gjeld spørsmål frå utvalet om konstituering av ny dagleg leiar.

Hogne Haktorsen  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

1 Svar frå styreleiar i Valen kraftverk AS - 21.08.2020

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak PS 69/20 i møte 15.06.2020:

1. *Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ber styreleiar i Valen kraftverk AS informera skriftleg om tilsetting av ny dagleg leiar i kraftverket, jf. medieomtale i etterkant, samarbeidsavtale med Kvinnherad Energi AS, habilitet og evt. om det er økonomisk meirkostnad og/eller uklare leiingsansvarslinjer i kjølvatnet av tilsettinga.*

*Dette er spørsmål til saka:*

1. *Kva prinsipp ligg i avtale mellom Kvinnherad Energi AS om leiingsfunksjon i Valen Kraftverk AS?*
  2. *Kor lenge gjeld denne avtalen?*
  3. *Dersom det er avtalefesta at Kvinnherad Energi har ansvar for å administrera Valen Kraftverk AS, slik det kan synast å gå fram av mediaomtale - kvifor tilsette då styret dagleg leiar uavhengig av avtalen?*
  4. *Når så vart gjort – vert det i ettertid vurdert som greitt med tilsetting utan utlysing?*
  5. *Kva rolle har Kjell Enes spelt ift. at faren Terje Enes overtok som dagleg leiar i Valen Kraftverk? (habilitet).*
  6. *Er ein komen i ein situasjon der både Kvinnherad Energi og nytilsett dagleg leiar har leiingsfunksjon overfor Valen kraftverk?*
  7. *Må ein betala dobbelt for tilnærma same leiingsfunksjonen, og i tilfelle kor lenge?*
  8. *Er det oppstått uklare leiingsansvarslinjer i kjølvatnet av tilsettinga?*
  9. *Er det eit sentralt moment om rollen som dagleg leiar vert definert som ein funksjon og ikkje ei stilling, og kva betydning har det for saka?*
2. *Den skriftlege tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet seinast innan 25.08.2020.*

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i saka, jf. Kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

På bakgrunn av punkt 2 i vedtaket over har vi motteke vedlagte svar frå styreleiar i Valen kraftverk AS.

Slik sekretariatet ser det vert svaret frå styreleiar i Valen kraftverk AS når det gjeld konstituering av ny dagleg leiar vurdert til å vera gode svar på spørsmåla frå kontrollutvalet og utvalet bør seie seg ferdig med saka.

### Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen frå styreleiar i Valen kraftverk AS til orientering og seier seg ferdig med saka.